



Innkalling av Administrasjonsutval

Møtedato: 03.02.2021
Møtestad: Teams
Møtetid: 09:00 - 12:00

Eventuelle forfall må meldast til Tove-Mette Arnø Fyllingen per tlf. 47464145, sms til eller per epost til tove.mette.fyllingen@alver.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
001/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/21	Godkjenning av møteprotokoll
003/21	Sjukefråværstatistikk for 4. kvartal og totalt for 2020
004/21	Avviksstatistikk for 4. kvartal og samla for 2020
005/21	Melding/orientering til administrasjonsutvalet 03.02.2021

27. januar 2021

Øyvind Oddekalv
møteleiar

Tove-Mette Arnø Fyllingen
møtesekretær

Arkiv: <arkivID>32T
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 27.01.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
001/21	Administrasjonsutval	03.02.2021

Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og saksliste vert godkjent.

Arkiv: <arkivID>32T
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 02.12.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
002/21	Administrasjonsutval	03.02.2021

Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

Vedlegg i saken:

02.12.2020 Protokoll - Administrasjonsutval - 02.12.2020

1482713



Møteprotokoll for Administrasjonsutval

Møtedato: 02.12.2020
Møtestad: TEAMS
Møtetid: 09:00 - 12:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Øyvind Oddekalv	AP	Utvalsleiar
Sara Hamre Sekkingstad	SP	Nestleiar
Maria Færø	UAVH	Medlem
Nils Marton Aadland	H	Medlem
Liv Berit Haukås	FAGF	Medlem
Jarle Næss	UDF	Medlem
Silje Fanebust	NSF	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Kathrine Martinsen-HR-leiar, Martin W. Kulild-ass.rådmann, Tove-Mette Arnø Fyllingen-sekretær, Ørjan Raknes Forthun-rådmann

Sakliste

Saknr	Tittel
012/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
013/20	Godkjenning av møteprotokoll
014/20	Livsfasepolitikk Alver kommune 2020 - 2022
015/20	Lønspolitikk Alver kommune 2020 - 2022
016/20	Strategisk kompetanseplan Alver kommune 2020 - 2022
017/20	Økonomiplan 2021-2024
018/20	Melding/orientering til administrasjonsutvalet 02.12.2020

012/20: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Administrasjonsutval 02.12.2020:

Handsaming:

Fellesorganisasjonen ved Lena Ytreland har sendt ut forslag til sak 30.11.2020 - Arbeidstid for avdelingsleiarar. Saka vert sett opp under sak 018/20-melding/orientering
Ingen merknader, samrøystes.

ADM- 012/20 Vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent.

013/20: Godkjenning av møteprotokoll**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Møteprotokollen vert godkjent.

Administrasjonsutval 02.12.2020:**Handsaming:**

Ingen merknader, samrøystes.

ADM- 013/20 Vedtak:

Møteprotokollen er godkjent.

014/20: Livsfasepolitikk Alver kommune 2020 - 2022**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Livsfasepolitikk Alver kommune 2020 – 2022 vert vedteke som den ligg føre til saka.

Hovud HTV 16.11.2020:**Handsaming:**

Utdanningsforbundet kjem med innspel at planen må spissast meir. Dei viser til nyleg kartlegging i barnehagesektoren der mange forlèt yrket før dei fyller 62 år, og ønskjer at planen er meir tydeleg på kva som kan gjerast på dei einskilde avdelingane. HR-leiar svarar at dei ulike avdelingane vil ha ulike utfordringar, men dette skal vere ein overordna plan avdelingane må ta ned til si avdelinga og lage konkrete løysingar. NSF gjev innspel om at det står lite om seniorpolitikk i planen og korleis ein skal arbeide med dette. Dei meiner også at omsyn til drift, som skal vere ein del av vurderinga, gjer at tiltaka i planen ikkje er gjennomførbare. Utdanningsforbundet støtter dette, og ønskjer meir konkrete døme i planen.

Organisasjonane viser vidare til det skriftlege innspelet.

Administrasjonsutval 02.12.2020:**Handsaming:**

Strategidokument-endeleg svar vart ettersendt 01.12.2020

Fellesframlegg frå Ø.Oddekalv-Ap:

Tillegg til rådmannen sitt framlegg

Adm.utvalet ønskjer at det blir starta eit arbeid med rullering av planen hausten 2021.

Innspela frå HTV blir tatt med i dette arbeidet.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

ADM- 014/20 Vedtak:

Livsfasepolitikk Alver kommune 2020 – 2022 vert vedteke som den ligg føre til saka.

Adm.utvalet ønskjer at det blir starta eit arbeid med rullering av planen hausten 2021.

Innspela frå HTV blir tatt med i dette arbeidet.

015/20: Lønspolitikk Alver kommune 2020 - 2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Lønspolitikk Alver kommune 2020 – 2022 vert vedteke som den ligg føre til saka.

Hovud HTV 16.11.2020:

Handsaming:

Utdanningsforbundet har 4 innspel: a) Mål for lønspolitikk. Underpunkt 3. Ønskjer at det vert lagt til særskilte forhandlingar. b) hovudpunkt 4. Ønskjer at det vert presisert at tilsette også her har rett til å forhandle. c) Hovudpunkt 7 – Ønskjer at det står noko om prosess for oppretting og nedlegging av funksjonar. d) Hovudpunkt 10 – fokus i lokale forhandlingar. Ønskjer at lønsharmonisering som følgje av kommunesamanslåing ikkje berre skal ha fokus i lokale forhandlingar.

NSF påpeiker at under pkt. 5 er formuleringa «kan bli gitt slik» lite forpliktande, og dei ønskjer vidare ein tett link til strategisk kompetanseplan.

DNLf stilte spørsmål om det er ei tidsramme for harmoniseringa. HR-leiar svarar at det ikkje er nedfelt ein tidsplan, kommunen står i ein krevjande økonomisk situasjon.

Organisasjonane viser vidare til det skriftlege innspelet.

Administrasjonsutval 02.12.2020:

Handsaming:

Strategidokument-endeleg svar vart ettersendt 01.12.2020

Fellesframlegg frå Ø.Oddekalv-Ap:

Tillegg til rådmannen sitt framlegg

Adm.utvalet ønskjer at det blir starta eit arbeid med rullering av planen starter hausten 2021.

Innspela frå HTV blir tatt med i dette arbeidet.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

ADM- 015/20 Vedtak:

Lønspolitikk Alver kommune 2020 – 2022 vert vedteke som den ligg føre til saka.

Adm.utvalet ønskjer at det blir starta eit arbeid med rullering av planen hausten 2021.

Innspela frå HTV blir tatt med i dette arbeidet.

016/20: Strategisk kompetanseplan Alver kommune 2020 - 2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Strategisk kompetanseplan Alver kommune 2020 – 2022 vert vedteke som den ligg føre til saka.

Hovud HTV 16.11.2020:

Handsaming:

HR-leiar orienterte om arbeidet som har vore gjort. Dei 3 planane er strategidokument som skal sei noko om retninga på dei områda dei gjeld.

HTV-gruppa har laga felles skriftleg uttale om planane som vert sendt HR-leiar etter møte.

Administrasjonsutval 02.12.2020:

Handsaming:

Strategidokument-endeleg svar vart ettersendt 01.12.2020

Fellesframlegg frå Ø.Oddekalv-Ap:

Tillegg til rådmannen sitt framlegg

Adm.utvalet ønskjer at det blir starta eit arbeid med rullering av planen hausten 2021. Innspela frå HTV blir tatt med i dette arbeidet.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke

ADM- 016/20 Vedtak:

Strategisk kompetanseplan Alver kommune 2020 – 2022 vert vedteke som den ligg føre til saka.

Adm.utvalet ønskjer at det blir starta eit arbeid med rullering av planen hausten 2021. Innspela frå HTV blir tatt med i dette arbeidet.

017/20: Økonomiplan 2021-2024**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Investeringsbudsjettet for 2021 er basert på forventta framdrift på tidlegare vedtekne prosjekt, i tillegg til nokre nye mindre prosjekt og rammerjusteringar. Ut frå framdriftsplanen tar Alver kommune opp 243 884 000 kr i lån i 2021. Årets låneopptak, i tillegg til ubrukte lånemidler fra 2020 på 180 816 000 kr, skal finansiere behovet for lånemidler på generelle investeringar i 2021 på 244 400 000 kr og på sjølvkostområdet (VA) på 180 300 000 kr.
2. Økonomiplan for 2021-2024 og årsbudsjett for 2021 blir vedteke, jfr. Bevilgningsoversikt drift §5-4 og økonomisk oversikt drift §5-6. Årsbudsjettet for 2021 blir vedteke på sum netto driftsrammer for dei sju hovudområda, jf. eigen tabell.
3. Rådmannen får fullmakt til å fordele sentralt avsett lønsauke til sektorane når årets lønsforhandlingar er gjennomført.
4. For skatteåret 2021 skriv Alver kommune ut eigedomsskatt etter eigedomsskattelova §§ 2 og 3 første ledd bokstav c, «berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum», slik bestemmelsen lyder frå 1. januar 2019. Skattesatsen er 7 promille, jf. eigedomsskattelova §§ 10 og 11. Det gjerast ny allmenn taksering med verknad frå og med skatteåret 2021, jf. eigedomsskattelova § 8 A-3 (2). Alver kommune vil i 2021 skrive ut eigedomsskatt på «et særskilt fastsett grunnlag» i henhold til overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4, første ledd, slik at verdien av produksjonsutstyr og – installasjonar fasast ut med 1/7 for verk og bruk som frå og med 2019 er å anse som næringsseigedom. Det særskilte grunnlaget skal i 2021 være lik 4/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget. Alver kommune vil i 2021 skrive ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal for anlegg nevnt i punktet over i henhold til overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4, andre ledd. Eigedomsskatten skal betalast i tre terminar, jf. Eigedomsskattelova § 25.
5. Det vert gjeve ei ramme på 1 787 000 kr til kontrollutvalet.
6. Det vert gjeve eit driftstilskot til Alver kyrkjelege fellestråd på 22 350 000 kr og 2 685 000 kr for å dekkje renter og avdrag på lånet for Kyrkja i Knarvik.
7. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.
8. Godtgjersle til ordførar blir sett til 987 997 kr og til varaordførar 592 798 kr for 2021. Løna regulerast per mai 2021 i samsvar med endringar i løn til stortingsrepresentantar.

Administrasjonsutval 02.12.2020:**Handsaming:**

Orientering ved rådmann Ørjan Raknes Forthun
Innspel frå Utdanningsforbundet vert lagt ved saka.
Innspel frå NSF vert lagt ved saka.

Framlegg frå Ø.Oddekalv-AP:

Budsjett og økonomiplan 2021-2024 blir tatt til orientering.

Rådmannen sitt framlegg fekk ingen røyster og fall

Framlegg frå Ø.Oddekalv vart samrøystes vedteke.

ADM- 017/20 Vedtak:

Budsjett og økonomiplan 2021-2024 blir tatt til orientering.

018/20: Melding/orientering til administrasjonsutvalet 02.12.2020**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Meldinga vert teke til orientering.

Administrasjonsutval 02.12.2020:**Handsaming:**

Arbeidstid for avdelingsleiarar, innspel fra FO, vart sett opp under meldingssaka.

- Strategi heiltidskultur ved Kathrine Martinsen
- Sjukefråver ved ass.rådmann Martin Kulild og rådmann Ørjan Raknes Forthun
Det vert ny orientering i adm.utvalet 03.02.2021
- Arbeidstid for avdelingsleiarar orientering ved rådmann Ørjan Raknes Forthun

ADM- 018/20 Vedtak:

Meldinga er teke til orientering.

Arkiv: <arkivID>32T
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 14.01.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
003/21	Sektor AMU helse og omsorg	25.01.2021
004/21	Sektor AMU oppvekst	25.01.2021
003/21	Sektor AMU tekn/samf.utv./adm.	08.02.2021
003/21	Administrasjonsutval	03.02.2021

Sjukefråværstatistikk for 4. kvartal og totalt for 2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert teke til orientering.

Sektor AMU helse og omsorg 25.01.2021:

Handsaming:

Sjukefråværtet for 4. kvartal er høgt, både totalt for kommunen og innanfor sektor helse og omsorg. Vi ser særleg ei auke i langtidsfråværet for dette kvartalet.

Tenesteleiar Benthe F. Helland lurar på korleis leiarane kan hente ut informasjon om sitt eige sjukefråvær. HMS-rådgivar svarar at slik det er no har dei ikkje mogelegheit til å hente ut tal frå Visma sjølve. Då må dei spørje enten HMS-rådgivar, løn eller HR-avdelinga om å få tatt ut statistikk.

Kommunalsjef Leni Dale har vore i kontakt med NAV Arbeidslivssenter for å starte opp igjen arbeidet i bransjeprogramma for sjukeheimane. Sektor-HVO og bedriftshelsetenesta blir invitert inn i planleggingsarbeidet, medan det er dei lokale arbeidsmiljøutvala som skal følge opp arbeidet lokalt.

AMU HO- 003/21 uttale:

Saka vert teke til orientering.

Sektor AMU oppvekst 25.01.2021:

Handsaming:

HMS-rådgivar Marianne Stople presenterer resultata for 4 kvartal og samla for 2020. Sjukefråværtet for 4. kvartal er høgt, både totalt for kommunen og innanfor sektor oppvekst. Vi ser særleg ei auke i langtidsfråværet for dette kvartalet.

Totalen for heile kommunen for 2020 ligg også høgt.

Prosjekt om sjukefråværsoppfølging er planlagt igangsett våren 2021.

AMU O- 004/21 uttale:

Saka vert teke til orientering.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Arbeidsmiljøutvalet

Bakgrunn

Saksopplysninger:

Sjukefråværsstatistikk for 4. kvartal og totalt for 2020 vert lagt fram i møtet. Sjå vedlagte presentasjon.

Vedlegg i saken:

14.01.2021 Sjukefråværsstatistikk 4. kvartal 2020 (2)

1497765




Sjukefråvæerstatistikk

4. Kvartal 2020 og samla for 2020



Sjukefråvær per kvartal 2020




Sjukefråvær for 2020

- Samla sjukefråvær for 2020 ligg på 9,9%
- Dette utgjer 54 421 dagsverk av 551 200,8 mogelege dagsverk
- Ifølge KS sin berekningsmodell for sjukefråvær kostar dette sjukefråværet arbeidsgjevar ca **7,9 millionar** kroner i året.


Fråvær relatert til korona

- 1. kvartal: 0,6%
- 2. kvartal: 0,6%
- 3.kvartal: 0,6%
- 4. kvartal: 0,9%


Sjukefråvær oppvekst




Sjukefråvær helse og omsorg



Sjukefråvær teknisk/samf.utv./adm.



Sjukefråvær per tenesteområde totalt 2020



Arkiv: <arkivID>32T
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 14.01.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
004/21	Sektor AMU helse og omsorg	25.01.2021
003/21	Sektor AMU oppvekst	25.01.2021
004/21	Sektor AMU tekn/samf.utv./adm.	08.02.2021
004/21	Administrasjonsutval	03.02.2021

Avviksstatistikk for 4. kvartal og samla for 2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert teke til orientering.

Sektor AMU helse og omsorg 25.01.2021:

Handsaming:

Avviksstatistikken går oppover, og sektor helse og omsorg har høgast rapporteringsgrad.

Anbod på nytt kvalitetssystem, inkludert ny avviksmodul, er i prosess, og det er venta at ny kontrakt vert signert i begynnelsen av februar. Opplæring i systemet vil etter planen starte i februar/mars.

AMU HO- 004/21 uttale:

Saka vert teke til orientering.

Sektor AMU oppvekst 25.01.2021:

Handsaming:

HMS-rådgivar Marianne Stople presenterer resultatata for 4. kvartal og samla for 2020. Vi ser ei auke i avviksrapportering innanfor sektor, noko som er positivt. I forbindelse med innføring av nytt kvalitets- og avvikssystem kjem vi til å gjennomføre opplæring både av leiarar og tilsette. Då får vi satt ytterlegare fokus på avviksrapportering og oppfølging.

I tillegg håpar vi at prosjektet om vald og trugslar i skule vil påverke statistikken.

AMU O- 003/21 uttale:

Saka vert teke til orientering.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Arbeidsmiljøutvalet.

Bakgrunn

Saksopplysninger:

Avviksstatistikk for 4. kvartal og samla for 2020 vert lagt fram i møte. Sjå vedlagte presentasjon.

Vedlegg i saken:

14.01.2021 Avviksrapportering 4. kvartal 2020 og totalt for 2020 1497894



AVVIKSRAPPORTERING

4. KVARTAL 2020 OG TOTALT FOR 2020



4. Kvartal 2020


Avvik

- Totalt 647 avvik rapportert i 4. kvartal
- Av 647 var 102 HMS-avvik


Totalt for 2020

- Innmeldte avvik totalt: 1990
- 395 avvik innmeldt som HMS-avvik
- 13 avvik innmeldt som informasjonssikkerhetsavvik


Avvik fordelt per sektor



Avvik innanfor oppvekst




Avvikstypar oppvekst




4. kvartal

Avvik innanfor helse og omsorg




Avvikstypar helse og omsorg




4.kvartal

Avvik innnan teknisk/samf.utv./adm




4. kvartal

Avvikstypar teknisk/samf.utv./adm




HMS-avvik fordelt per sektor



4.kvartal

Alvorlegheitsgrad HMS-avvik




3. Kvartal 2020


Personskadar

- 11 personskadar registrert i 4. kvartal 2020
- 1 av desse er registrert med fråvær
- Hendingar:
 - Psykososialt arbeidsmiljø
 - Stikkskade
 - Utagerade elev
 - Utagerande brukar
- Alle personskadar skal meldast til NAV og forsikringselskap


HMS-avvik gruppert på område og avvikstype



HMS-avvik gruppert på organisasjonsenhet



Avvik rapportert innanfor utvalgte tenesteområde



Arkiv: <arkivID>32T
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 21.01.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
005/21	Administrasjonsutval	03.02.2021

Melding/orientering til administrasjonsutvalet 03.02.2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Meldinga vert teke til orientering

Politisk handsaming
Saka skal avgjerast i administrasjonsutvalet

Melding/orientering:
· Heiltidskultur